NVE-Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Arkiv:	Sakshandsamar:	Dato:
				Ingvild Lange	08.04.2016

Kommentar til innkomne merknadar – Øyrafossen kraftverk

I samband med at NVE har hatt søknaden om konsesjon for Øyrafossen i Fjaler kommune på høyring har det kome inn merknadar. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere nokon av innspela frå dei ulike høyringspartane.

Fjaler kommune:
Vi står fast ved det som er beskrive i konsesjonssøknaden, at eit uttak på 45% av middelvassføringa kan forsvarast med at Øyrafossen framleis vil få ein naturlig dynamikk og ha liten synleg forskjell i vassføring. Forslaget til minstevassføring er hovudsaklig basert på biologiske tilhøve, og synleg forskjell ved middelvassføring. Ved lita vassføring vil tiltaket vere meir synleg. Dette avgrensar seg statistisk til juni-august. Vi foreslår, om det blir vurdert som nødvendig med ei auka vassføring for å oppretthalde verdien av fossen som landskapselement, at dette avgrensar seg til auka minstevassføring i dei tre sommarmånadane og at ein kan behalde slukeemna på 0,77m^3/s.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Det blir tatt omsyn til at biologisk rapport ikkje er tilstrekkelig til å kartlegge blant anna Fossekall, og vi legg dermed opp til å etablere trygge hekkeplassar for å forsikre oss om at eventuell bestand ikkje vil bli negativt påverka av utbygginga.

Ift vurdering av elva som eit viktig landskapselement visar vi til svaret til Fjaler kommune. Andre inngrep som følgje av kraftverksutbygginga vil etter eit par år med attgroing få liten negativ innverknad på landskapsopplevinga. Tiltaket vil i størst grad visast igjen ved etablering av skogsvei. Dette vil skje i den nedre delen av Guddal, som allereie er prega av utbygging og ikkje er urørt natur.

Det lar seg ikkje gjere å vurdere tunnel som eit alternativ for eit kraftverk med så liten produksjon.

Omsynet til ål ved plutselig stans og evt gassovermetting er ikkje beskrive i søknaden. Her vil vi følgje NVE sine krav og rettleiarar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune:
sjå svar Fjaler kommune og Fylkesmannen.

Med helsing

SUNNFJORD ENERGI AS

Vedlegg:
Kopi: